



**- Dette er den store hentedagen, seier Morten Vetvatne i Festidalen-leiinga medan han diirigerer troppane på festivalområdet måndag føremiddag (biletet under).  
- Det er rasjonelt å henta inn mest mogeleg av det vi treng før vi starter monteringa her i området, legg han til.  
Førebels har dei tilstrekkeleg med mannskap.**

Fleire telt er allereie kome på plass og fleire er på veg inn.  
Det er også sperringane som trengs for å halda publikum der dei skal vera når dei nyt musikken og festival-livet.  
Trelastlageret var iferd med å lessa av sperringane då uskedalen.no var innom (biletet over).

Onsdagen blir nok ein atskillig meir anstrengande dag, for då skal scena riggast og då er det trong for eit mannskap på 20 frå ni om morgonen til ni om kvelden.

Førre gongen det var Festidalen - i 2007 - vart det som ein vil hugsa regnver og festivalområdet var ikkje noko vakkert syn eller triveleg opphaldsstad då regnet hadde vara ei stund.  
No er leiinga føre var og har sett opp eit skilt med ei kraftig oppmoding om ikkje å køyra på jordet.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

